

# BASAR i Kyrkjestoga

## Støtt opp om Konfirmantanes fasteaksjon

### 1. mars kl. 12–16

Stefanusbarna er misjonsprosjektet til Bykle, Valle og Hylestad sokn. Det er Stefanusalliansen og Mama Maggie sitt arbeid for borna som bur og lever på søppelhaugane i Kairo.

Stefanusbarna sitt arbeid omfattar også utbreidd leirverksemd for barn og unge; fleire skuler; helseoppfølging av borna og familiare deira; utdeling av mat og klede. Kimen i det mangfoldige arbeidet er kjærleiken til det einskilde barnet. Kvar dag får barna høyre at dei er verdfulle og elska, og Stefanusbarna sitt motto er: «I can – eg kan!»

Sokneråda i Bykle, Valle og Hylestad har i fleire år hatt ein avtale om å støtte dette arbeidet. Avtaleperioden er utvida til å gjelde til og med 2027.

#### Vil du støtte arbeidet?


Mamma Maggie var ein suksessrik akademikar då ho for over 30 år sidan fekk eit brått møte med den fattigdomen ho lenge hadde oversett i sin eigen by. Omveltninga vart stor for Mamma Maggie og hennar familie då ho bestemte seg for å selge alt ho eigde og vie livet sitt til å hjelpe borna i søppelsslummen. Ho fann fort ut at hennar djupaste motivasjon var å arbeide for å gje kvart barn framtid og von, midt i all vonløysa.



#### Mamma Maggie, eller Magda Gobran, omtalast ofte som Midtaustens Moder Theresa.



Gjennom mange år har kristne egyptiske familiar strøyma til Kairo med en draum om ein ny start. Dei siste åra har Egypt vore prega av revolusjonar og ein ustabil situasjon. Dette har også gått hardt utover livsvilkåra til fattige kristne familiar sør i Egypt. Men utan utdanning ender draumen brått i møte med Kairos slumområder. Mange familiar finn ut at einaste måten å tene pengar på, er å samle inn søppel for å kildesortere den, før dei sel søppelet vidare. Fortenesta er svært låg, men dei helseskadelege følgene av eit liv i og av søppel er mange.



Bykle- og Fjellgardane kyrkje  
VIPPS #503335  
Eller til kontonr.  
2890 13 39343

**DEN NORSKE KYRKJA**  
Bykle, Valle og Hylestad sokn  
KONFIRMANTARBEIDET

Valle og Hylestad kyrkje  
VIPPS #128659  
Eller til kontonr.  
2890.20.83490

